



Foto: Marius Beck Dahle

## JORUN MARIE KVERNBERG

f. 1979, Fræna i Romsdal

Jorun Marie er ein energisk og allsidig felespelar som arbeider som frilansmusikar på fulltid. I tillegg til å vere ein ettertrakta solist, spelar ho i grupper som Tindra, Majorstuen og Unni Boksasp Ensemble.

Jorun Marie gav ut si første soloplate, *Album*, i 2006, og har dessutan medverka på ei rad andre utgjevingar. Ho er ein av få felespelarar i dag som har fordjupa seg i felemusikken frå Møre og Romsdal. Jorun Marie er også ein røynd komponist, og har laga musikk til fleire tingingsverk.